

NORGES BONDELAG



Landbruks- og matdepartementet
 Avdeling for skog- og ressurspolitikk
 Postboks 8007 Dep
 0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2008 . 93	Doknr.: H2
Mottatt: 19 JAN 2010	
Saksbehandler: ASR/SEB/	Arkiv: 822
Ansvarlig: ASR	Avskrift:

Vår saksbehandler
 Sissel Fykse
 Tlf. 22 05 45 88

Vår dato
 2010-01-15
 Deres dato

Vår referanse
 Arkiv: -H22
 Deres referanse
 2008/00600/011
 200800093-/EIE

Høyringsfråsegn frå Norges Bondelag – Ny lov om sikring mot og erstatning for naturskade (naturskadeloven)

Norges Bondelag syner til høyringsbrev 11. september 2009 frå Landbruks- og matdepartementet og vedlagt forslag til ny lov om sikring mot og erstatning for naturskade (naturskadeloven).

1. Innleiing

Norges Bondelag er ein grunneigar- og næringsorganisasjon med om lag 62 000 medlemmer. Medlemmane representerer såleis ein vesentleg del av dei personane og det areal som kan verta råka av naturskadar og den enkelte sitt areal er oftast avgjerande for næringsverksemda på eigedomen. Naturskadar vil truleg auke i omfang framover.

Norges Bondelag meiner det er viktig med ei erstatningsordning ved naturskadar som sikrar ein mot skadar som ikkje vert dekkja av private forsikringsordningar. Der er og viktig at grunneigar og andre er kjent med ordninga og kva skader som er omfatta av ordninga. Det er positivt med ei modernisering av naturskadelova, der ein mellom anna søker å finna eit betre system for handsaminga av søknadane.

Det er i forslaget lagt opp til å vidareføra gjeldande rett til erstatning for naturskade, men med følgjande sentrale endringar:

- Statens landbruksforvaltning (SLF) ønskjer å korta ned sakshandsamingstida ved å fjerna lensmannskjønet og innføra ein rein forvaltningsmodell
- ei lovfesting av rettsreglane slik dei har utkrystallisert seg ved handsaming i domstolane (ei kodifisering av gjeldande rett)
- skiljet mellom rett til erstatning for skade og høve til å søkja om midlar til sikring skal gjerast tydelegare
- erstatningsansvaret vert utvida til også å omfatta festarar og andre rettshavarar. Ved eventuell tvist om kven som har rett til erstatning går eigar framføre festarar og rettshavarar, dersom anna ikkje er avtalt

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Telefaks:	E-postadresse	Internet:
PB 9354 Grønland 0135 Oslo	Schweigaards gt. 34c Oslo	22 05 45 00	22 17 36 68	bondelaget@bondelaget.no	www.bondelaget.no
Norges Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	8101.05.12891		
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05.91392		

Vår dato
2010-01-15

Vår referanse
2008/00600/011

- eigendelen vert sett fast 25 % av erstatningssummen
- framlegget opnar for at styresmaktene i fleire saker skal gå til regress mot tredjemann som har medverka til skaden eller er årsaka til skaden
- ein kan få tilskot der det er gjennomført akutte tiltak for å avgrensa eller hindra naturskade

2. Systemet slik det er i dag

I dag vert erstatningsgrunnlaget for 2/3 av sakene fastsett ved at eit lensmannsskjøn takserer kostnadane ved å retta opp skaden. I om lag 2 prosent, det vil seia 10-20 saker kvart år, vert det sett fram krav om overskjøn i tingretten. Eit overskjøn kan ankast vidare. Først når taksten er rettskraftig avgjort, avgjer fondsstyret om skaden er ein naturskade og eventuelt i kva omfang skadelidne har krav på erstatning.

Avgjerda i fondsstyret kan påklagast til ankenemnda for Statens naturskadefond. Er ein part usamd i ankenemnda si avgjerd, kan han ta ut søksmål for domstolane. Vert vedtaket frå ankenemnda kjent ugyldig, må ankenemnda handsama saka på nytt. Denne sakshandsaminga kan ta opp til åtte år.

3. Ulike modellar for handsaming av naturskadesøknadane

3.1 Forvaltningsmodell

For å gjera handsaminga enklare, gjer SLF framlegg om at sakene om naturskadeerstatning skal handsamast i ein rein forvaltningsmodell. SLF, som eit sentralt, nasjonalt forvaltningsorgan, skal ved små og ukompliserte saker fastsetja taksten, avgjera om det er naturskade og utmåla erstatninga. Den skadelidne skal i søknaden sjølv dokumentera at det er ein naturskade og estimera kva kostnader som er naudsynte for å retta opp skaden.

Ved større og/eller meir kompliserte naturskadar vil opplysningane frå den skadelidne vanlegvis ikkje vera nok. SLF vil i desse sakene henta inn ein takst som skal vera eit supplement til opplysningane frå den skadelidne. SLF og den skadelidne kan verta samde om at ein takst kan erstatta det meste av opplysningane frå den skadelidne sjølv.

Vedtaket i forvaltningsorganet skal kunna påklagast til ei klagenemnd. Staten og den skadelidne vil kunne ta avgjerdene i klagenemnda inn for domstolane.

3.2 Domstolsmodell

SLF skildrar i høyringsnotatet ein domstolsmodell som eit alternativ til forvaltningsmodellen. Modellen legg opp til at dersom den skadelidne og staten ikkje vert samde om erstatninga, må den skadelidne reisa sak for domstolane. Den skadelidne får søksmålsbyrda i denne modellen.

Landbruks- og matdepartementet har ikkje teke stilling til framlegget om å fjerne lensmannsskjønnet, og ber høyringsinstansane særleg om å koma med merknader til dette.

Vår dato
2010-01-15

Vår referanse
2008/00600/011

4. Handsaming av naturskadesøknadane

Norges Bondelag er samd med SLF og Landbruks- og matdepartementet i at handsaminga av ein søknad om naturskadeerstatning etter gjeldande regelverk, tek for lang tid og at systemet må gjerast enklare. Vidare sluttar Norges Bondelag seg til at sakahandsaminga av søknadar om naturskadeerstatning vert organisert slik at handsaming og utmåling vert gjort etter eitt spor.

Ordninga med lensmannsskjøn har stort sett fungert bra. Lensmannsetaten har likevel mange oppgåver og eit stort arbeidspress. Norges Bondelag meiner difor jordskifteretten bør avgjera ein søknad om naturskadeerstatning, dersom den skadelidne og staten ikkje vert samde om erstatningsutbetalinga. Jordskifterettane har den føremonen at dei er plassert rundt i heile landet og kjenner tilhøva lokalt. Vidare har dei juridisk kompetanse og har også tilsett ingeniørar. Norges Bondelag føreset at jordskifteretten vert tilført naudsynt kapasitet og kompetanse, og at retten etter krav frå skadelidne kan setjast med meddommarar med skjønnskompetanse.

Norges Bondelag meiner både den skadelidne og staten, er best tent med ei ordning, der den skadelidne sjølv først har høve til å fremma eit dokumentert krav mot staten. Dersom den skadelidne leverer inn søknad om naturskadeerstatning utan dokumentasjon og staten ikkje aksepterer kravet frå den skadelidne eller skadane er omfattande, bør saka gå til jordskifteretten for avgjerde der. Jordskifteretten tek stilling til heile saka: kva det kostar å utbetre naturskaden, om skadelidne får erstatning til slik utbetring og storleiken på erstatninga. Jordskifteretten må, på same måte som lensmenne har gjort, knyta til seg kvalifiserte taksfolk til å gjennomføra sjølve takseringa.

For å tryggja ei enkel og risikofri første handsaming av eit uhilda organ, bør staten uansett utfall, dekka kostnadane til handsaming i jordskifteretten. Dette er særleg viktig i høve til dei som ikkje har økonomi til å bera kostnadane ved ei jordskiftesak, og som av same grunn, vert ekstra hardt råka av dei øydeleggingane dei har vorte utsette for. Her må ein heller ikkje gløyma at søkjaren har vore utsett for i mange høve ein traumatisk naturskade, og det kan vera vanskeleg og ekstra tungt å måtta innhenta dokumentasjonen sjølv.

Norges Bondelag meiner dessutan at likskapsprinsippet underbyggjer at den skadelidne bør få hjelp til å dokumentera og taksera skaden, slik tilfellet vil vera i ei jordskiftesak. Om den skadelidne har kapasitet og ressursar til å få dokumentert eit krav sjølv, er høgst varierende. Av omsynet til den enkelte sin rettstryggleik meiner Norges Bondelag difor at staten etter at den skadelidne har søkt om erstatning, bør ha ansvaret for å koma med eit tilbod til erstatning, eventuelt ta saka inn for jordskifteretten, jf. over.

Er partane usamde i dommen frå jordskifteretten, kan denne ankast vidare til lagmannsretten. Ved avgjerd lagmannsretten bør prinsippa for sakskostnader i skjønnsprosesslova § 43 leggjast til grunn.

SLF er i høyringsnotatet uroa for at det vert vanskeleg å endra ein uønskt praksis dersom sakene skal løysast etter ein domstolsmodell. Norges Bondelag vil her visa til at dei uforholdsmessig mange sakene om naturskadeerstatning i domstolsapparatet, truleg har samanheng med at reglane har vore uklare. Som kjent, vert reglane no kodifiserte.

Vår dato
2010-01-15

Vår referanse
2008/00600/011

Norges Bondelag vil peika på at eit sentralisert forvaltningsorgan plassert Oslo, neppe vil ha same tillit elles i landet som det jordskifterettane har. Eit sentralisert forvaltningsorgan vil dessutan få svært stor innverknad på korleis regelverket skal tydst, og etter kvart også på utforminga av regelverket, noko som kan gjera det lettare om staten ønskjer å stramma inn utbetalingane. Erfaring viser at terskelen for å ta forvaltningsavgjerder inn for domstolsapparat, normalt er svært høg. Ved å handsama naturskadeerstatningssøknadane ved jordskifterettane hindrar ein at avstanden frå personane skadane rammar og skadestaden til vedtaksorganet, som er føreslått plassert i eit fylket som lite utsett for naturskadar, vert for stor.

5. Endring i eigendelen ved naturskadeerstatning


Etter gjeldande reglar er eigendel på kroner 10 000 + 15 % av utrekningsgrunnlaget etter frådrag.

For å gjera reglane enklare er det no framlegg om ein fast eigendel på 25 %. I følge SLF skal endringa berre medføra at eigendelane samla vert marginalt større. For skadar under kroner 100 000 vil eigendelen gå ned, for skadar over kroner 100 000 opp.

Norges Bondelag miner eigendelen er stor nok som han er i dag. Dette gjelde også dei større naturskadeerstatningssakene. Norges Bondelag meiner det lite heldig at dei som vert hardest råka av naturskadar, skal få ein auka eigendel. Ved store skadar kan dette medføra at den skadelidne ikkje har høve til å retta opp øydeleggingane. For dei store skadane bør difor eigendelen reknast ut på same måte som i dag. For skadar under 100 000, bør styresmaktene vurdere å setja eigendelen fast til t.d. kroner 10 000.

Ut frå omsynet til dei som vert hardest råka, bør det ikkje vera noko tak på erstatningsutbetalingane.

Med venleg helsing


Per Gunnar Skorge


Sissel Fykse